



Byggefirma Nilsen & Andersen AS
Sandviksveien 163 A
5035 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/5369 - 14/28300

Saksbehandlar:
Tor Hegle
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:
18.12.2014

Løyve til igangsetting. Del 1 - Opparbeiding av byggetomt m.v. Gbnr 196/158 Midtgård

Administrativt vedtak. Saknr: 14/5369

Tiltakshavar: Byggefirma Nilsen & Andersen AS
Ansvarleg søkjar: Byggefirma Nilsen & Andersen AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

SAKSUTGREIING:

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppføring av Einebustad med sekundærbueining.

Det vert vist til løyve til dispensasjon og rammeløyve av 18.12.2014.

Alle sider knytt til ansvarsrett er prøvd og gitt løyve til.

I rammeløyve var det vist til situasjonsplan datert 13.09.2013, og som er vedlagt byggesøknad av 26.06.2014. Situasjonsplanen viser oppstillingsplass for 2 bilar og framtidig garasjeplassing for 2 bilar. (Her retting av innhald i rammeløyve).

Situasjonsplanen sin framstilling av tiltaket sin plassering, tilkomstveg til inngangsdør og plassering av parkeringsplass er ikkje i samsvar med det som er vist på snittet. Som følgje av manglane vart saka delt opp i trinnvis behandling.

I dette igangsettingsløyvet vert det soleis berre tatt stode til opparbeiding av byggetomta.

Før det kan gjevast vidare løyve til igangsetting må det sendast inn situasjonsplan til godkjenning. Denne må mellom anna vise at det er naudsynt plass til parkering og tilkomst til bustadeiningane, og at det er samsvar med høgdetilpassing.

Oppføring av garasje må det søkjast om i eiga sak. Eventuelle støttemurar må søkast om i eiga sak.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova §20-1 vert det gjeve igangsettingløyve til opparbeiding av byggetomt med naudsynte utvendige grøfter, utvendig VA-tilknytning og tilkomst.

Løyyvet omfattar ikkje etablering av fundament.

1. Før det kan gjevast igangsettingsløyve for oppføring av bustadbygg, må det leggest fram revidert situasjonsplan. Situasjonsplanen må vere i samsvar med snitteikning, og vise naudsynte p-plassar i samsvar med føresegnene §3.4.
2. Vidare igangsettingsløyve må stette vilåra i rammeløyve av 18.12.2014.

Klagerett

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen.

I klagen skal det gå fram kva som vert klaga på i vedtaket, og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunnjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ. Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

Kode	Skildring	Sum
10.2.8	Delt saksbehandling. Igangsettingsløyve	2.800,-
X	Totalt gebyr å betala	2.800,-

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnjeven.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggefirma Nilsen & Andersen AS

Sandviksveien 163 5035
A

BERGEN